

## **Kvam bowlingklubb**

Postboks 126  
5604 Øystese

### **Styret 2008/2009:**

Leiar: Anne-Marie Nordbø 1 år  
N.leiar: Nils-Otto Yndestad 1 år  
Kasserar: Svein Inge Henriksen 1 år  
Sekretær: Frank Tangen 2 år  
Seniorkontakt: Lars Froestad 1 år  
Styremedlem: Dag Tjosaas 2 år  
Styremedlem: Reidar Olsen 2 år

Valkomite: Tore Tellevik (Georg Brandenborg og Linda-Beate Nordbø)

**Veteranliga** I år meldte me på eitt lag i veteranligaen (50+) 4 siste plass, men ei erfaring rikare.

**Konkurransar/Lokalligaen** I sesongen 2008/2009 har me hatt eitt lag i 2 divisjon og eitt lag i 3 divisjon i lokalligaen.

Me endte på 6 plass i 3 divisjon, medan første laget vårt endte på ein sterk 3 plass i 2 divisjon. Grunna Nygård trekk laget sitt i 1 divisjon, rykke me opp i den divisjonen neste sesong. I desember arrangerte klubben ein julecup og nyttårscup der Sven Gunnar Ramstad vann julecupen og Dag Tjosaas gjekk av med sigeren i nyttårscupen.

Andreas Jacobsen har denne sesongen vore suveren i juniorklassen og faktisk kunna hevda seg heilt i toppen i seniorklassen viss han hadde delteke der. I januar vart Andreas Jacobsen kretsmeister for junior. Han var einaste i sin klasse, men leverte særst bra resultat, med 8 beste resultat uansett klasse med eitt snitt på 203,7 pr serier (16 spel). Frank Tangen deltok og på KM, der han blei 3 beste i sin klasse, med 199,3 berre 11 pinnar bak vinnaren i klasse C. Tore Tellevik sikra seg 4. plass i Santa Loco-turneringa i romjula. I slutten av april deltok Andreas i seniorklassen i hallmesterskap på Sandsli der han leia lenge, men endte til slutt på ein 6 plass. Men so absolutt godkjent.

### **Månadscup**

Søndag 25 januar starta me opp med månadscup, noko som har blitt ei fast hending siste søndag kvar månad. 1/8 dels premiering der heile påmeldingsavgifta blir brukt til premiar som er gåvekort på bowlingen.

**Instruksjon** Kursene til Leo Klitte har vist resultat og framgang hos mange av medlemmene våre og i november hadde han sitt andre kurs med oss. Leif Breivik frå Bergen Bowlingkrets har og vore innom hallen, for å instruera dei mest aktive medlemmene.

**Medlemmer** Klubben har i dag 26 medlemmer der 13 er aktive med medlemskap i NBF